



Magne Huglen og Kristian Bringedal konstaterer at Uskedalsplakaten er på plass i Tara senter Station. (Foto: Ragnvald Myklebust)

På Humlepungen Bryggjarlag sin tur til Dublin denne helga vart det utført eit såkalla stunt, fortel Kristian Bringedal til uskedalen.no.

Plakaten "Velkomen til sommarbygda Uskedalen -08" vart hengt opp på den mest sentrale metrostasjonen i byen – Tara senter Station. Plakaten er godt synleg i det mest travle trafikkarealet.

Noko av grunnen til at dette vart gjort er at den velkjende irske artisten Andrea Rice skal ha to konsertar på Dønhaug i sommar.

- Og no er Uskedalen profilert som turistmål også i millionbyen Dublin, konstaterer Bringedal.